

Resultat Olweusundersøkjinga 2023

Undersøkjinga blei gjennomført i februar på 4.-7.trinn.

Rapporten viser

- Det er svært høg trivsel på skulen, i klassen og i friminutt
- Mobbesituasjonar er knyta til røff språkbruk
- Dei som blir mobba har sagt frå til ein vaksen på skulen eller heime

Dei tilsette har arbeidd med rapporten. FAU har gått gjennom og kome med innspel på rapporten. Elevrådet skal ha gjennomgang av den i veka 21.

Det blir jobba med tiltak på skulenivå, klassenivå og individnivå. Me brukar verktøyet Klassetrivsel for å gå i djupna på kor, når og korleis mobbinga skjer.

Som eit av tiltaka ønskjer skulen og FAU at det kjem klart fram kor røff språkbruken er når det ikkje er vaksne til stades. Dette skjer nok både på fritida, heime og på skulen. «Bitch», «Snitch-bitch», «Din homofile faen», «Jævla neger», «Det er din tur for faen» er eksempel på kva elevar kan seia til kvarandre.

På skulen leikar elevane på tvers av trinn og det er generelt god stemning både inne og ute. For å oppretthalda den gode leiken og stemninga og for å unngå at det sett seg ein ukultur treng me å arbeida saman med språkbruk og det å ikkje snakka ned andre.

Me oppmodar alle til felles front mot negativ språkbruk.

Saman skal me laga skulekvardagen trygg for alle elevane.



Helsing oss på Hognestad skule